

# 7 Samisk språk i barnehage og skule

*Jon Todal, professor, PhD, Sámi allaskuvla/Samisk høgskole*

## *Sammendrag*

*Den tydelegaste tendensen når det gjeld samisk språk i barnehage og skule for året 2009/10, er at talet på grunnskuleelevar med samisk i fagkrinsen held fram med å gå nedover. Dette talet har no gått ned med til saman 709 elevar sidan toppåret 2005/06. Det er ein samla nedgang på litt over 23 % sidan 2005.*

*Det er først og fremst talet på elevar med nordsamisk som andrespråk som går ned. Det har gått ned frå 1 891 i skuleåret 2005/06 til 1 194 i 2009/10, noko som er ein nedgang på 39 % sidan 2005.*

*Ut frå målsetjinga om å styrkje samisk språk er dette ein svært negativ tendens. For å motverke denne tendensen, må det setjast inn tiltak:*

- Ein må straks endre reglane for fag- og timefordelinga for elevar med samisk som andrespråk i grunnskulen, slik at det å velje samisk ikkje blir ei meirbelastning.*
- Ein må setje i gang forskning for å kartleggje meir nøye kva som er årsakene til den sterke nedgangen i talet på elevar som vel nordsamisk som andrespråk.*

## **7.1 Samisk språk i barnehagen**

Rapportane *Samiske tall forteller 1* og *2* drøfta utførleg endringane dei siste åra i talet på elevar som tok imot samiskspråklege tilbod i barnehage og skule. I *Samiske tall forteller 3* går vi difor ikkje like nøye inn på endringane i dei ulike tabellane.

Vi presenterer dei nye tala utan kommentarar, slik at dei som er interesserte, sjølve kan jamføre tala for i år med tidlegare tal.

Av barnehagetala nedanfor ser vi at talet på samiskspråklege barnehagetilbod har gått litt opp det siste året. Talet på born som nyttar seg av tilboda, har derimot gått ned med 57, frå 940 i 2008/09 til 883 i 2009/10. Vi finn heile nedgangen i det nordsamiske området.

### 7.1.1 Endringar i talet på samiskspråklege barnehagetilbod

Tabell 7.1 nedanfor viser endringar i talet på barnehagar med samisk språktilbod i perioden frå og med 2005/06 til og med 2009/10.

**Tabell 7.1 Talet på barnehagar med samisk språktilbod i åra 2005/06–2009/10**

År	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Barnehagar med samisktilbod i alt</b>	<b>64</b>	<b>67</b>	<b>56</b>	<b>60</b>	<b>71</b>
Samiske barnehagar	46	47	40	41	37
Norske barnehagar med samisktilbod	18	20	16	19	34

### 7.1.2 Endringar i talet på born med samiskspråklege barnehagetilbod

Tabell 7.2 nedanfor viser endringar i talet på barnehageborn med samisk språktilbod i åra frå og med 2005/06 til og med 2009/10.

**Tabell 7.2 Talet på born som tok mot samisktilbod i barnehagen 2005/06–2009/10**

År	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Talet på born med samisktilbod i alt</b>	<b>925</b>	<b>975</b>	<b>956</b>	<b>940</b>	<b>883</b>
Talet på born i samiske barnehagar	882	929	925	905	789
Talet på born som får samisktilbod i norske barnehagar	43	46	31	35	94

### 7.1.3 Barnehagetilbudet fordelt på språka nord-, lule- og sørsamisk

I tabellane 7.3–7.7 nedanfor ser vi korleis det samiskspråklege barnehagetilbudet fordeler seg på dei tre aktuelle språka.

#### 7.1.3.1 Nordsamisk

Tabell 7.3 Talet på barnehagar med nordsamisk språktilbod i åra 2006/07 – 2009/10

År	2006	2007	2008	2009
<b>Talet på barnehagar med tilbod på nordsamisk i alt</b>	<b>62</b>	<b>52</b>	<b>53</b>	<b>58</b>
Nordsamiske barnehagar	44	38	38	34
Norske barnehagar med tilbod på nordsamisk	18	14	13	24

Tabell 7.4 Talet på born som tok imot nordsamisk tilbod i barnehagen i åra 2006/07–2009/10

År	2006	2007	2008	2009
<b>Talet på barnehageborn med tilbod på nordsamisk i alt</b>	<b>946</b>	<b>917</b>	<b>884</b>	<b>825</b>
Talet på born i nordsamiske barnehagar	906	900	868	752
Talet på born som tok imot tilbod på nordsamisk i norske barnehagar	40	17	16	73

#### 7.1.3.2 Lulesamisk

Tabell 7.5 Talet born som tok imot tilbod på lulesamisk i barnehagen i åra 2006/07–2009/10

År	2006	2007	2008	2009
<b>Talet på born med tilbod på lulesamisk i alt</b>	<b>12</b>	<b>18</b>	<b>27</b>	<b>27</b>
Talet på born i lulesamiske barnehagar	12	18	27	27
Talet på born som tok imot tilbod på lulesamisk i norske barnehagar	0	0	0	0

### 7.1.3.3 Sørsamisk

Tabell 7.6 Talet på barnehagar med sørsamisk språktilbod i åra 2006/07–2009/10

År	2006	2007	2008	2009
<b>Talet på barnehagar med tilbod i sørsamisk i alt</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>11</b>
Sørsamiske barnehagar	2	1	1	1
Norske barnehagar med tilbod på sørsamisk	3	4	5	10

Tabell 7.7 Talet på born som tok imot tilbod på sørsamisk i barnehagen i åra 2006/07–2009/10

År	2006	2007	2008	2009
<b>Talet på born med tilbod på sørsamisk i alt</b>	<b>17</b>	<b>21</b>	<b>29</b>	<b>31</b>
Talet på born i sørsamiske barnehagar	11	7	10	10
Talet på born som tok imot tilbod på sørsamisk i norske barnehagar	6	14	19	21

## 7.2 Samisk språk i grunnskulen

Frå skuleåret 2008/09 til skuleåret 2009/10 gjekk talet på grunnskuleelevar med samisk i fagkrinsen ned med 171, frå 2 517 til 2 346. Den største nedgangen var blant elevar med nordsamisk som andrespråk – 1 148 elevar.

Sidan 2005/06 har talet på elevar med nordsamisk som andrespråk gått ned med 687.

Tabellane 7.8 og 7.9 nedanfor viser endringar i talet på elevar med samisk i fagkrinsen i åra 2005/06–2009/10.

**Tabell 7.8 Talet på grunnskuleelevar med samisk i fagkrinsen**

År	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10
<b>Elevar med samisk i alt</b>	<b>3055</b>	<b>2672</b>	<b>2542</b>	<b>2517</b>	<b>2346</b>
Førstespråk	998	1020	1027	1043	1010
Andrespråk	2057	1652	1515	1474	1336

**Tabell 7.9 Talet på grunnskuleelevar med samisk som andrespråk, etter fagplan**

	2008/09	2009/10
<b>Andrespråkselevar i alt</b>	<b>1474</b>	<b>1336</b>
Andrespråk 2	677	628
Andrespråk 3	797	708

### 7.2.1 Grunnskuleelevar i sørsamisk

Tabellane 7.10 og 7.11 nedanfor viser endringane i talet på elevar som har valt sørsamisk i grunnskulen i åra 2005/06–2009/10.

**Tabell 7.10 Talet på grunnskuleelevar med sørsamisk i fagkrinsen 2005/06–2009/10**

	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10
<b>I alt</b>	<b>123</b>	<b>116</b>	<b>105</b>	<b>101</b>	<b>97</b>
Førstespråk	16	18	16	19	20
Andrespråk	107	98	89	82	77

**Tabell 7.11 Talet på grunnskuleelevar med sørsamisk som andrespråk, etter fagplan, 2008/09 og 2009/10**

	2008/09	2009/10
<b>Andrespråkselevar i alt</b>	<b>82</b>	<b>77</b>
Andrespråk 2	68	58
Andrespråk 3	14	19

## 7.2.2 Grunnskuleelevar i lulesamisk

Tabellane 7.12 og 7.13 nedanfor viser endringar i talet på grunnskuleelevar med lulesamisk i fagkrinsen i åra 2005/06–2009/10.

**Tabell 7.12 Talet på grunnskuleelevar med lulesamisk i fagkrinsen 2005/06–2009/10.**

År	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10
<b>I alt</b>	<b>88</b>	<b>77</b>	<b>79</b>	<b>77</b>	<b>81</b>
Førstespråk	29	31	25	27	26
Andrespråk	59	46	54	50	55

**Tabell 7.13 Talet på grunnskuleelevar med lulesamisk som andrespråk 2008/09 og 2009/10, etter fagplan**

	2008/09	2009/10
<b>Andrespråkselevar i alt</b>	<b>50</b>	<b>55</b>
Andrespråk 2	36	23
Andrespråk 3	14	32

## 7.2.3 Grunnskuleelevar i nordsamisk

Tabellane 7.14 og 7.15 nedanfor viser endringar i talet på grunnskuleelevar med nordsamisk i fagkrinsen i perioden 2005/06–2009/10.

**Tabell 7.14 Talet på grunnskuleelevar med nordsamisk i fagkrinsen 2005/06–2009/10**

År	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10
<b>I alt</b>	<b>2844</b>	<b>2479</b>	<b>2354</b>	<b>2339</b>	<b>2158</b>
Førstespråk	953	971	984	997	964
Andrespråk	1891	1508	1370	1342	1194

**Tabell 7.15 Talet på grunnskuleelevar med nordsamisk som andrespråk 2008/09 og 2009/10, etter fagplan**

	2008/09	2009/10
<b>Andrespråkselevar i alt</b>	<b>1342</b>	<b>964</b>
Andrespråk 2	573	547

### 7.3 Samisk språk i vidaregåande skule

Talet på elevar med samisk i fagkrinsen ved dei to samiske vidaregåande skulane i Kautokeino og Karasjok held seg relativt stabilt. Den prosentvise delen av elevane som har valt samisk som førstespråk, viser ein liten oppgang ved begge skulane frå 2008/09 til 2009/10.

**Tabell 7.16 Val av samisk blant elevane ved dei statlege vidaregåande skulane i Kautokeino og Karasjok**

		I alt		Kautokeino		Karasjok	
		N	%	N	%	N	%
<b>2009 2010</b>	Førstespråk	137	72.9	81	92.1	56	56
	Andrespråk (2)	24	12.8	4	4.5	20	20
	Andrespråk (3)	27	14.3	3	3.4	24	24
	Framandspråk	0	0	0	0	0	0
	Talet på elevar	188	100	88	100	100	100
<b>2008 2009</b>	Førstespråk	140	71.8	94	90.4	46	50.5
	Andrespråk (2)	31	15.9	7	6.7	24	26.4
	Andrespråk (3)	21	10.8	0	0	21	23.1
	Framandspråk	3	1.5	3	2.9	0	0
	Talet på elevar	195	100	104	100	91	100
<b>2007 2008</b>	Førstespråk	131	72.4	84	92.3	47	52.2
	Andrespråk (2)	31	17.1	7	7.7	24	26.7
	Andrespråk (3)	19	10.5	0	0	19	21.1
	Framandspråk	0	0	0	0	0	0
	Talet på elevar	181	100	91	100	90	100
<b>2006 2007</b>	Førstespråk	139	70.9	80	87.0	59	56.7
	Andrespråk (2)	51	26.0	7	7.6	44	42.3
	Andrespråk (3)	2	1.0	1*	1.1	1	1.0
	Framandspråk	4	2.1	4	4.3	0	0
	Talet på elevar	196	100	92	100	104	100
<b>2005 2006</b>	Førstespråk	159	74.0	83	85.6	76	64.4
	Andrespråk (2)	32	14.9	7	7.2	25	21.2
	Andrespråk (3)	2	1.0	2*	2.0	0	0
	Framandspråk	22	10.1	5	5.2	17	14.4
	Talet på elevar	215	100	97	100	118	100

\* Elev(ar) med samisk som c-språk.

## **Kjelder som er brukte**

Sámediggi/Sametinget (2007): *Strátegalaš plána sámi mánáidgárddiide 2008–2011*. Káršjohka.

Sámediggi/Sametinget v/Anna Kristine Skum Hætta.

Sámi joatkkaskuvla ja boazodoalluskuvla, Guovdageainnus v/Lisbet Gran.

Sámi joatkkaskuvla Kárášjogas v/Trygve Guttorm.

Utdanningsdirektoratet: <http://www.wis.no/gsi/tallene/>